

# LUTHERSK KIRKETIDENDE



## INNHOLD

30-årsjubileum og ny abortdebatt /  
"Hvor liflig å være en pilegrim -" /  
Fra bokfronten / Fra bispedømme-  
rådene og Kirkedepartementet

## SØNDAGSTEKSTEN

22. søndag etter pinse - Astrid Sætrang Morvik  
23. søndag etter pinse - Stephen Reid

“

Rundt 35% av norske kvinner  
tek ein eller fleire abortar

## 30-årsjubileum og ny abortdebatt

13. juni var det 30 år sidan retten til fri abort vart lovfesta her til lands, og same dagen kom forfattaren og legen Marianne Mjaaland si bok "13. uke" ut. Det er eit viktig mål for henne å utvikle eit språk om erfaringar og kjensler, som kan muleggjere ein open samtale om eit tema som for eit stort tal kvinner er synonymt

med einsemd, smerte og språkløyse. Den grundigaste samtalen denne sommaren har pågått i Morgenbladets spalter, der brevvekslinga mellom Mjaaland og professor Willy Pedersen har stått på trykk. Med sitt dristige og kompromisslause val av ord har Mjaaland sett seg føre å knuse illusjonen om at abort er noko

kvardagsleg og rutineprega. Ho karakteriserer inngrepet som fosterdrap og abortlegar som bøddar. At denne ordbruken ikkje vert oppfatta av alle som ein invitasjon til lågmålt og open samtale om eit etisk stridsterma er ikkje vanskeleg å skjøne.

Med sine eigne aborterfaringar i bagasjen, både som kirurg og som abortsøkjande kvinne, er det eit hovudpoeng for Mjaaland å la dei knapt høyrelege røystene til dei mange tusen fostera få lyde. Utan å prosedere eit enkelt svar på det etiske dilemma som abortlova gir eit pragmatisk svar på, ber ho om at vi denne gongen ikkje vender blikket bort frå dei 14-15 000 liva som årleg vert avslutta på abortklinikkane. Og når ho vert møtt med appellen til å ta omsyn til dei unge, ulykkelege og rusmisbrukande kvinnene og deira lagnad, svarer ho med ei innntrengande oppfordring til å våge å la samtaLEN denne gongen handle om "oss andre". Med det tenkjer ho på det store fleirtal av årlege abortar der kvinnene er "normale" og fostera er friske. Dei fleste av desse kunne utan store problem av økonomisk eller annan art fostra opp eit barn til, men vel likevel abort. Det er her det store ubehaget knytt til abortstatistikken melder seg. Her vert det så brutalt synleg kor svakt medvitet om fosteret sin rett til liv er. For i desse tilfella er det vanskeleg å argumentere med at det er omsynet til forretten til det fødde livet som får avgjere. Her vert illusjonen i våre moderne liv så nådelaust avslørt, den som handlar om at vi kan kontrollere alt, planlegge kjærleik og karriere til minste detalj, og at det viktigaste av alt er å realisere seg sjølv. Alt som forstyrre livsprosjektet må ein utan hemmande moralisme få lov å velje bort, og i dette biletet vert fosteret berre ein celleklump utan tilkjent menskeverd.

På bakgrunn av at det ifylgje professor Pedersen er rundt 35% av norske kvinner som tek ein eller fleire abortar, helsar vi ein ny abortdiskusjon velkommen og registrerer med interesse at han så langt går føre seg på ei anna bane enn den kyrkjelege. Den syner at det ikkje er umuleg å føre ein samtale om denne vanskelege saka, og vi må vere opne for å sjå at usemjø om lova ikkje hindrar at vi kan byggje alliansar i kampen for livet. Vi må våge å halde

fram som viktige moment i debatten den nye kunnskapen vi har om fosteret og den fantastiske utviklinga som finn stad på eit tidleg stadium i svangerskapet, og slik vere med å problematisere den lettvinne bagatelliseringa av livet og menneskeverdet. Og vi må også ta inn over oss den nye kunnskapen om seinverknader med konsekvensar for mental helse og rusmisbruk, som Pedersen har lagt fram. I den nye abortsamtaLEN må vi gi rom for nyansane på ein langt modigare måte enn før.

Ikkje minst må vi la den sterke appellen fra

**Vi må gi rom for  
nyansane på ein  
langt modigare  
måte enn før**

Mjaaland til oss menn få sige inn med ettertrykk. Ho utfordrar oss til å vere med i den offentlege samtaLEN, men kanskje endå meir at vi engasjerer oss i dei mange tusen private. På heimebane handlar det først og fremst om å *trä til* og ta konsekvensane, stå saman med kvinna om ansvaret, praktisk, økonomisk og emosjonelt. Dei ekte mannofolka tek ansvar i staden for å trekke seg unna det ubehagelege. Noko av det som gjer sterkest inntrykk i samtaLEN mellom Mjaaland og Pedersen er understrekkinga av den sterke kjensla av einsemd som abortsøkjande kvinner har opplevd. Abort fritek mannen for ansvar og let kvinnna sitje igjen med den vonde konsekvensen, som ikkje er barnet, men aborten.

Av mange smertefulle tema han har gjort forsking på, slår Pedersen fast at abort er det vanskelegaste. Det trengst stor grad av innleivingsevne og skjønsemd hos den som skal kunne vere til hjelp for ein som ber på innestengde og ubearbeidde smertefulle erfaringar, og saknar eit språk å kle dei i.

Det er å vone at den nye abortdebatten kan finne ein høveleg balanse mellom det individuelle og det kollektive, og mellom det moralske og det politiske nivået. Interessant i så måte er det engasjementet Kåre Willoch legg for dagen når han hevdar at dagens fødselspolitikk er abortframkallande. Støtteordningane for kvinner med låg inntekt er ikkje eigna til å redusere dei høge aborttala. Kvinner i utdanning får berre ein tidel av støtta som yrkesaktive kvinner får. Ein forskingsrapport frå professor Anne Eskild ved Universitetet i Oslo viser at over halvparten av gravide kvinner under 25 år vel å ta abort. Ei gravid kvinne som tek abort og utset fødselen til ho er blitt eldre,

kan oppleve at ho og mannen får over 380 000 kroner meir frå staten i samband med fødselen, enn ho ville ha fått viss ho ikkje hadde teke abort. Det er truleg at dette er eitt av fleire forhold som gjer at mange ventar lenger med å få barn enn ein gjorde før. Ein kan ikkje forsvara eit system som gjer at unge kvinner ikkje har råd til å få barn, seier Willoch. Dei som får barn gjer samfunnet ei kjempeneste. Derfor burde det ikkje straffe seg økonomisk å få barn for dei som ikkje har fast jobb. Ei anna gruppe som ropar på merksemld er flyktningekvinnene, som har dobbelt så høg abortrate som andre kvinner. Her vert det ekstra tydeleg at ein politikk som

legg alt ansvar for graviditetten på kvenna er feilslått. Skal ein verkeleg få ned aborttala, må ein vektlegge det medansvaret som menn har og ikkje berre rette preventjonsinformasjonen til kvennene.

**"Dagens fødselspolitikk  
er abortframkallande"**  
**(Kåre Willoch)**

Mange er opptekne av dei problemstillingane som no har fått fornøya aktualitet, og det vil vere heilt avgjerande for utfallet av debatten at ein unngår å bruke krefte på å putte diskusjonspartnarar i båsar og kjempe mot nyvunnen kunnskap.

**JAN OTTO MYRSETH**  
[jom@ringerike.kirken.no](mailto:jom@ringerike.kirken.no)



# ”Hvor liflig å være en pilegrim –”

AV JAN KÅRE JAKOBSEN

Eg har sunge om det mange gonger: Å vera pilegrim: ”Hvor liflig å være en pilegrim blant dem som farer fra gruset til paradis hjem” (Sangboken 1955; 836); ”Hen over jord et pilgrimstog så stille skrider frem” (NoS 247) - men dette pilegrimstoget har alltid berre vore ei ”åndeleg” sak. Pilegrimsvandringa har berre vore ei ”indre” vandring. Det kjentest difor ganske underleg då vi stod framfor turistinformasjonsskranke på flyplassen i Pamplona i Nord-Spania, og det første spørsmålet som møtte oss, var dette: ”Are you pilgrims?” Eg hadde aldri tenkt at å vera pilegrim skulle vera noko så konkret.

Datoen er 15. mai 2008, og eg har - saman med fru Live - sett meg føre å gå ”Caminoen”, den ”franske vegen” frå Roncesvalles til Santiago de Compostela. Førebuingane har gjeve oss tid til å reflektera litt over kva vi no legg ut på: Å vera pilegrim - peregrinus (= framand) - er å vera på veg ”heim”. Eg er ein gjest i verda, på reis, som framand her; den troyst eg har på ferda: Min heim i himlen er” (NoS 857,1); slik syng pilegrimen. Han har eit mål for vandringa. Utan mål er pilegrimen ikkje anna enn ein vagabond. Det vil ikkje seiå at ikkje vegen er viktig; den som er oppteken av målet, vil normalt òg vera oppteken av vegen for å nå målet. Men uttrykket ”Vegen er målet” gir lita meinung når det gjeld pilegrimsvandring.

Det var tidleg på 80-talet at Sondre Brattland gav ut plata Pilegrimens Sangbog, med tekstar frå Sangboken (1955). Plata har utan tvil vore sterkt medverkande til at dei pietistiske pile-

grimssongane har kome under huda på meg, og blitt verande der. Eg spela plata fleire gonger før vi starta, og med fullt overlegg let eg desse songane danna eit bakteppe for vandringa.

Det har dei seinare åra vore mest fokus på at vi er forvaltarar; vi skal ta vare på skaparverket. Det er sant, og det er viktig, men utfordringa er her som så ofte elles: Å ha to tankar i hovudet på same tid. Vi er både forvaltarar og pilegrimar. Eg skal i denne artikkelen ikkje dvela ved spenninga mellom å vera pilegrim og forvaltar. Eg vil heller fokusera på ei spenning som ligg implisitt i sjølvé pilegrimsvandringa: *Spenninga mellom den indre og den ytre vandringa*. Med dette seier eg samtidig noko om at det er viktig å arbeida med motivasjonen for å gå. Ynskjer ein at pilegrimsvandringa også skal ha ein indre, åndeleg dimensjon, må ein leggja opp til det. Dersom ein ikkje legg opp til noko anna enn ”gutta på tur” eller ein rein sportsprestasjon, så blir det heller ikkje det.

I dei pietistiske pilegrimmssongane er pilegrimsvandringa utelukkande ei *indre* vandring. Songane låner riktig nok bilete og omgrep frå ei ytre vandring, men det heile er berre symbolsk/”åndeleg” å forstå. Det er sjølvé *livet* som er pilegrimsvandringa; målet er himmelen, og reisa har ingen ting verken med Santiago eller Jerusalem å gjera.

Medan vi vandra, kilometer etter kilometer, kunne eg ikkje unngå å stilla spørsmålet: Kva er forholdet mellom den indre og den ytre vandringa? Er det to parallele vandringsar som

strengt tatt ikkje har noko med kvarandre å gjera? Er den ytre vandringa berre eit "bilete" på ei indre vandring, eller er det mogeleg å finna konkrete tilknytingspunkt mellom desse to?

Kvar morgen - i 7-tida, og gjerne før det - i det vi begynte å gå, song vi Blix-salmen "Syng i stille morgenstunder" (NoS 780), og eg let meg - morgen etter morgen - fascinera av korleis Blix - med utgangspunkt i den "vanlege" morgonen og den "vanlege" dagen - nesten umerkande går over til å syngja om "morgen ny, dag med solskin utan sky", og om Guds evige "i dag" ("lat oss medan det er dag"). Og det begynte å ana meg at her er vi på sporet av noko.

Eit anna spørsmål som eg stilte meg medan eg gjekk der, var: Korleis forstå fenomenet (ytre) pilegrimsvandring i ein luthersk kontekst? Når eg i det fylgjande deler nokre tankar omkring desse spørsmåla, syng Sondre Brattland inni meg: "De venter, de venter i himmelens stad, De venter, de venter bak portenes rad, Ja, hjemgangne venner og englenes tall, De venter på meg i den himmelske hall" (Sangboken 1955; 836).

## Bibelske paradigme

Det er framfor alt to bibelske paradigme som har slått rot i den pietistiske salme- og songskatten: Israels vandring frå Egypt til Kanaan, og festreibene til Jerusalem.

"Akk, mon min vel til Kanaan Ennu er meget lang<sup>3</sup>? Kan vel jeg nå det skjonne land Som snubler gang på gang?" (Sangboken 1955; 820). Slik syng Brorson og Sondre Brattland. Referansane til i Kor 10 og fedrane i øydemarka som alle gjekk gjennom havet, vart døypte til Moses i skya og i havet, åt av den same åndelege maten og drakk av den same åndelege drikken, er tydelege. Dei fleste nådde ikkje fram til Kanaan. "Desse hendingane er åtavarande eksempel for oss. Dei skal læra oss at vi ikkje skal ha lust til det vonde, slik som dei hadde", skriv Paulus (i Kor 10,6). "Her er ei hvile noen gang, For striden den er hard". Slik syng Brorson vidare, og det dreier seg om dei generelle livsvilkåra, og særleg om kampen mot synd, djevel og freistigar. Difor gjeld det om å "leggja av alt som tyngjer, og synda som heng så fast ved oss, og halda ut i det løpet som ligg framfor oss" (Hebr 12,1). Igjen altså:

Den harde striden har ingen ting med vandring verken til Santiago eller Jerusalem - eller Nidaros å gjera. Målet som er i sikte - Kanaan - er "sabbatskvila" som er i vente for Guds folk (Hebr 4,9).

"Eg vil letta mi sjel og tenkja på det som var: at eg gjekk fram i det store fylgjet, drog i festtog til Guds hus med jubelrop og takkesong - ein pilegrimsskare i fest". Slik syng salmisten i Salme 42. Den pietistiske pilegrimen sluttar seg til pilegrimstoget og syng: "Jeg går til himlen, der er mitt hjem, Der er ei synd eller smerte. Der er det nye Jerusalem, Der er mitt bevende hjerte" (Sangboken 1955; 841).

I dei pietistiske songane har altså den indre vandringa rive seg laus den ytre. Dette kan på mange måtar samanliknast med det som skjedde med den gammaltestamentlege offerinstitusjonen: Sjølvé offeret danna ein heilskap saman med tilbeding, bot og etisk liv. Då skjedde det at offeret reiv seg laus frå denne heilskapen; ein prøvde å kjøpa seg "billig nåde" ved berre å bera fram offerdyr. Då ropa profetane varsku: "Kva skal eg med alle dykkar slaktoffer? seier Herren. Eg er mett av brennoffer av varer og av feitt frå gjøkalvar." (Jes 1,10ff; Amos 5,21ff). Men det skjedde òg at tilbedinga og lovsongen reiv seg laus frå heilskapen: "Eg vil prisa Guds namn med song og hylla han med takkesong. Det vil Herren heller ha enn offerdyr, enn oksar med horn og klauver", syng salmisten (Sal 69,31f). Lovsongen uttrykkjer meininga med offeret áleine - utan det ledsgaande dyreofferet - og "blir" såleis til offer. Sannsynlegvis er det ein samanheng mellom dette og den profetiske offerkritikken, men dette vart på ein særleg måte aktualisert under eksilet, då ein ikkje hadde noko tempel å bera fram offer i.

Dersom ein let pilegrimsvandringa primært vera ein rein sportsprestasjon, blir den ytre vandringa riven laus frå heilskapen. I dei pietistiske pilegrimsongane er det det motsatte som har skjedd: Den indre vandringa er riven laus frå heilskapen.

## Tilknytingspunkt mellom den ytre og den indre vandringa

Eg starta altså vandringa med dei pietistiske pilegrimsongane i bagasjen, og eg begynte så å leita etter nøklar som kunne løsa opp dører

mellom den ytre og den indre vandringa, og soleis medverka til å gjera vandringa til ein heilskap. Eg visste ikkje heilt kva eg leita etter, men etter kvart dukka det opp eit heilt lite knippe av nøklar.

Den fyrste nøkkelen fann eg oppi skoen. Eg oppdaga han etter 3 dagar. Då "kjente" eg plutseleg - bokstavleg tala - det eg gjekk og nynna på: " - Enskjønt mitt hjerte er sykt og trett, Og foten såret og blodig" .... Ingen kan gå 700 km utan å gjera erfaringar med "den såre foten".

Den nøkkelen eg fann i skoen, låste opp fleire dører. *Den såre foten* lærte meg for det fyrste noko om å stilla det store spørsmålet: Kva er det viktigaste i livet? Dersom det viktigaste er å "fullføra løpet" og "nå målet", då gjeld det om å leggja til rette for at det kan skje. Av dei gode råd vi fekk før vi starta, var dette eitt: "Ikkje ha tyngre sekk enn 10% av kroppsvekta. Det du vil bli aller mest glad for, er det du legg igjen heime". Og eg innsåg at dersom sekken hadde vore for tung, ville eg rett og slett ikkje klart å fullføra. Eit sterkt memento inn i vår tid der vi "skal ha med oss alt", og berre få snakkar om gledene ved å forsaka. Ordet om å leggja av alt som tyngjer, vart svært så meiningsfullt, ikkje berre med tanke på det evige målet, men òg med tanke på livet her og no. Å ha for mykje å dra på går ut over livskvaliteten.

Denne nøkkelen passa til ei anna dør òg: Døra inn til det langsame tempoet. Går ein for lange dagsmarsjar, seier føtene stopp. Den såre foten set grenser. Mange har understreka kor viktig det er å leva langsamt. Går du for fort, får du rett og slett ikkje livet med deg. Då blir du ikkje vårt Guds "kjærleiks smil i sky", du legg ikkje merke til blomane langs vegkanten og den intense fuglesongen ei tidleg morgonstund. Du når ikkje å kjenna på glede over alt det vakre du ser, du får ikkje auga på kornåkrane og vinmarkene (brød og vin) - for ikkje å snakka om alle fontenene med livgjevande vatn. Og: Er målet å heile tida finna ut kor langt du klarer å gå, er det umogeleg å klara å vera stille for Gud medan du går.

Og så gjorde den såre foten meg glad i rasteplassane; det å setja seg ned og berre "vera" - og få litt påfyll. Rasteplassane høyrer med til høgdepunkta i ei vandring. Det gjeld

sanneleg når vi snakkar om ándeleg vandring òg!

Når det gjeld den ándelege vandringa, kan ein nok sei at poenget er å komma fram; kva tid løpet er fullført, får vera Guds sak. Det viktigaste eg sjølv kan gjera i denne samanhengen, er å syta for å halda meg på vegen. Men etter å ha vandra i 14 dagar, oppdaga eg plutseleg ein ny nøkkel: I den spanske Bibelen står det: "Yo soy el camino, la verdad y la vida" (Eg er vegen .... Joh 14,6). Eg oppdaga altså at det var denne "caminoen" eg gjekk på - med føtene mine. Vegen var så godt merka, at det var umogeleg å ta feil, tusenar hadde gått der føre meg, eg skulle sleppa å "gå opp" vegen, og eg skulle sleppa å ha sut for morgondagen - det var herberge i neste landsby. Eg skulle bokstavleg tala få vandra i ferdiglagde gjerningar.

Endå ein nøkkel som låser opp dører mellom den ytre og den indre vandringa: Ein kan bli trøytt og lei av å vandra - uavhengig av korleis føtene er. Som ein kan bli trøytt av ei ytre vandring, kan ein bli trøytt når det gjeld den indre/ándelege vandringa òg ("enskjønt mitt hjerte er sykt og trett"). Ingen kan vandra heile tida; kvila høyrrer med. For ein som berre sjeldan går, kan det vera fornyanande og inspirerande med ein tur. For ein som går heile tida, er det meir fornying i å kvila. For ein som året igjennom prøver å leva eit disciplinert liv med tanke på ándeleg fornying, kan det opplevast fornyande å rett og slett gjera noko heilt anna når ferien kjem. For ein som har problem med å finna gode rutinar for å pleia gudsrelasjonen, kan det opplevast som ei fornyande vitamin-innsprøytning å t.d. komma på eit sommarstemne i ein eller annan regi.

Noko som på ein særleg måte knyter den ytre og indre vandringa saman, er lengten; lengten etter å koma fram til pilegrimsmålet, og samtidig skjøna at Guds evige mål for oss er noko langt meir. Den flotte pilegrimsrådstenesta i katedralen i Santiago, med den vakre songen, er berre eit svakt bilet på det som ein gong ventar.

### Sakrament eller pedagogikk?

Det som har gjort Santiago til pilegrimsmål, er at dei jordiske leivningane av apostelen Jakob (Sant Iago), son av Sebedeus, finst i

krypten i katedralen i byen. Dette seier tradisjonen. Dei reint historiske spørsmålsstillingane som knyter seg til dette, let eg her leggja. Apostelen Jakob står difor som sjølve symbolet for kristendomen i denne regionen; det er her ikkje er mogeleg å "fysisk" komma nærmare Jesus enn Jakobs grav - ein av dei 3 som var med han då han vart forklåra. Det er likevel vanskeleg å gripa ein tanke om at Jakobs grav, eller eit anna pilegrimsål, skulle representera eit "sakramentalt nærver" - som dåpsvatnet, og brødet og vinen - eller at Gud skulle vera meir "intens" nærverande her enn andre stader.

Eg trur det er meir fruktbart å forstå pilegrimsvandringa på linje med den individuelle applikasjonen som skjer ved handspålegging i forbøn og skriftemål. Guds nåde og nærver er ikkje meir "intens" til stades i skriftemålet enn elles når Ordet blir forknyt, men abslusjonen med handspålegging hjelper meg til bokstavleg tala å kjenna at det blir mitt. Pilegrimsvandring dreier seg i luthersk kontekst med andre ord meir om pedagogikk enn om sakrament. Der som ein opnar opp for den åndelege dimensjonen når ein vandrar, trur eg at den ytre vandringa kan hjelpe vandraren til å kjenna på kroppen kva den indre vandringa går ut på.

## Nyhet fra Luther Forlag



Peter Halldorf

### DUFTEN AV DE HELIGE

"Møtet med den kristne tradisjon avdekker en viktig årsak til hvorfor kristendommen ubønn-hørlig taper terreng i vår kultur. Vi tilhører en kirke som ikke fostrer helgener."

(Fra forordet)

Kr 198,-

Luther  Forlag

Besøk oss på: [www.lutherforlag.no](http://www.lutherforlag.no)

## FRA BOKFRONTEN

Gunnar Johnstad og Tore Lund:  
**Håndbok til Det nye testamente**  
576 sider, Luther forlag, 2007.

Det er stor aktivitet på bibelrevisjonsfronten om dagen, og i kjølvannet av nye oversettelser kommer også nytt hjelpe materiell på markedet. Skjønt «ny» er ikke ubetinget treffende for *Håndbok for Det nye testamente*, for i dette tilfellet dreier det seg om en bearbeidet og utvidet utgave av en tradisjonsrik bibelforklaring under ny tittel. Gunnar Johnstad, førsteanmanensis ved Norsk Lærerakademi, viderefører farsarven når han har påttatt seg det faglige ansvaret med å oppdatere Johan Johnstads *Forklaringer til Det nye testamente* fra 1968 (som igjen var en tredje, revidert utgave av *Det nye testamente med forklaringer fra 1914*) og tilrettelegge den for Bibelselskapets reviderte NT-oversettelse av 2005. Tidligere høgskolelektor Tore Lund er medutgiver, med særlig ansvar for den språklige bearbeidelsen.

Skulle vi gi *Håndbok for Det nye testamente* en enklest mulig karakteristikk, kunne vi kalle den en slags «lommekommentar». Det fysiske formatet er lite og håndterlig, og boken består overveiende av løpende forklaringer til NTs 27 skrifter. Formen på forklaringene er konvensjonell, med korte innholdsammendrag av tekstene ispedd krysshenvnisninger og informasjon om tidshistoriske, filo-



logiske, geografiske og andre saksforhold. Innledningsvis til hvert skrift blir de klassiske innledningsspørsmålene tatt opp. I tillegg finner en bakerst i boken informative oversiktsartikler om NTs tilblivelse, kanondannelsen, tekstoverleveringen, NTs inndeling, kronologien i NT og tidshistoriske forhold.

I utgangspunktet er det ingen dårlig ide å relansere en populær og velprøvd bibelforklaring i fornyet innpakning. Det tar tid og krever store bredde-kunnskaper å skrive denne typen litteratur, og *Håndbok for Det nye testamente* er et reservoar av faktatopplysninger akkumulert gjennom flere utgaver over en periode på nesten hundre år. At det er Gunnar Johnstad som nå oppdaterer den faglig, skulle borge for kvalitet. Det er ikke mange i Norge som er så grunnlærd innenfor det nytestamentlige fagfeltet som ham. Boken inneholder et vell av opplysninger som kan gi hjelp til å forstå NT-tekstenes bakgrunn og budskap, den ytterst knappe og fortette formen til tross. Fagstoff blir gjengitt på en sober måte og slik at det bør kunne forstås av enhver interessert bibelleser.

Likevel er haken ved denne utgivelsen nettopp at den i for stor utstrekning bygger på

gammelt materiale. Etter mitt skjønn burde fornyelsen både pedagogisk og innholdsmessig ha vært mer gjennomgripende enn den er blitt. I vår visualiserte tid gjelder det mer enn noen gang at et bilde er mer verdt enn tusen ord. Pedagogisk hadde boken utvilsomt vunnet på å ha flere illustrasjoner, tabeller etc. Formidlingsmessig hadde det også vært en stor fordel om en hadde gjort mer for å luke bort lett gammelmodige vendinger og Kanaans språk. Når det gjelder innholdet, mener jeg håndboken i profil og vektlegging i stor grad avspeiler forrige generasjons prioriteringer i forskningaen. For eksempel har et synoptisk perspektiv en tendens til å overskygge helt den litterære egenarten til hvert av de synoptiske evangeliene. Selv om jeg forstår at plasshensyn gjør at en noen ganger må nøye seg med å henvise til paralleltekstene, burde impulsene fra den narrative og retoriske eksegese generelt ha fått mer gjennomslag. I innledningen til brev litteraturen er det riktig nok blitt innlemmet et avsnitt om retorikk og brevskrivning (s. 260), men det følges dessverre ikke opp i gjennomgangen av brevtekstene. En kunne også nevne hvordan presentasjonen av innholdet i i Johannes-brev (s. 467f) legger vekten svært ensidig på brevet som bekjempelse av vranglære.

Også når det gjelder enkeltopplysninger, er oppdateringen noen ganger mangelfull. I lys av den aktuelle forskningssituasjon er det altfor kategorisk å hevde at Lukasevangeliet «utvilsomt» er skrevet for hedningkristne (s. 117). Videre begynner det å bli en stund siden situasjonen var den at vi hadde «nærmere 100 katalogiserte papyrushåndskrifter til NT» (s. 535); det korrekte tallet (per april 2008) er 124. I en viss kontrast til den saklige og balanserte beskrivelsen av de skriftlærde og fariseerne

(s. 555f), kommer påstanden om at saddukeerne «mangler religiøs dybde» farlig nær karikaturen (s. 557f); en slik vurderende karakteristikk - som henger igjen fra forrige utgave - yter neppe denne jødiske retningen historisk rettferdighet. Hovedinntrykket er likevel at boken gjennomgående er nøyaktig og pålitelig som fagformidling. Når det gjelder historiske og filologiske enkelheter, er det ofte imponerende hvor mye en får sagt - og hvor presist det blir sagt - med få ord. Når det gjelder spørsmålet om forfatterskap og datering av NTs skrifter, kan en generelt merke en «konservativ» holdning, men fremstillingen er balansert og ikke ukritisk. I rettferdighetens navn bør vi også nevne at en finner i boken elementer av mer innovativ karakter: Særlig interessant er det når oversettelseseksperten Johnstad forklarer de endringer som er kommet inn med NT-revisjonen av 2005 som følge av at den greske teksten er blitt nytolket (se for eksempel til Åp 5,6, s. 504).

Alt i alt er *Håndbok til Det nye testamente* en håndrekning til den alminnelige bibelleser som søker lett tilgjengelig og elementær sak-kunnskap. Den vil også kunne være et nyttig hjelpemiddel for studenter på basisnivået i KRL. For den fullbårne teolog vil den derimot i hovedsak bli for elementær. I disse dager slipper Bibelselskapet sin *Studieutgave til Det nye testamente* på markedet, som langt på vei henvender seg til den samme målgruppen. Som lesefølge til et løpende tekststudium vil håndboken fra Luther forlag muligens ha et konkurransefortrinn ved at kommentardelen ikke bare gir spredte detaljopplysninger, men også mer sammenfattende tekstparafrase.

Geir Otto Holmås

## "Sjelesorg i vår tid" - Viken senter!

Forelesere ved seminaret 4.-5.nov er: Per Frick Høydal, Klara Myhre, Leif Bremer og Anne Martha Kalhovde, dessuten workshops.

Vi har også ledige plasser på retreat og rekreasjonsuker i høst!

[www.vikensenter.no](http://www.vikensenter.no) - 77 18 99 00 - [sjelesorg@vikensenter.no](mailto:sjelesorg@vikensenter.no)

# Sunt om bønnen

**Philip Yancey**

**BØNN – Har det noen hensikt?**

Oversatt av Eyolf Berg – Luther Forlag, 2007

Dette er en sunn, solid og velsignet jordnær bok om bønn.

## Hvorfor skrive

Yancey er for egen person opptatt av bønn. Han er stadig i kontakt med mennesker som strever med bønnen i sitt eget liv. Han oppdaget at svært mange mennesker mente bønn var viktig og at de burde be, men at bønnen i praksis var vanskelig å få til, forvirrende og frustrerende (s.15). Yancey sier også noe om predikanter og andre som har lovet for mye og tenkt for lite. (s.18) Derfor valgte han å utforske emnet og skrive en bok om bønn, i håp om at boka kan være til hjelp for bedende mennesker.

## Presentasjon av boka

Boka består av fem hoveddeler. Første del hjelper oss til det store perspektivet, å se utover oss selv og forsøke å øve oss i et annet perspektiv. Yancey er innom de grunnleggende spørsmål: Hvem er Gud og hvem er jeg. Han gjør rede for hvordan guds bilde er bestemmende for bønnen (s. 50f og s.345). Han er også inne på hvordan selv bildet kan innvirke på bønnen (s.35 ff). Her går han litt for fort videre etter mitt syn, skjønt det er neppe mulig å ta opp så omfattende spørsmål i denne boken. Og i det avsluttende kapittelet i Del 1 fastslår han hva han mener er hensikten med bønn: det er

ikke å gjøre livet lettere eller å få magiske krefter, men å lære Gud å kjenne (s.63).


I Del to utforsker Yancey bønnens vesen og mangfold. Han forsøker å avdekke en del mønster fra bibelen for å hjelpe oss til å forstå hva bønn er og ikke er. Dette kapittelet kan hjelpe oss til å utvide eller endre eller nyansere vår forståelse av hva bønn er.

I Del tre behandler Yancey emner om bønnens språk. Han behandler praktiske spørsmål og vanlige problemer i bønnelivet. Yancey tar opp forhold som kan hindre bønnen. Han er også inne på hvordan ulike mennesker kan være. Han holder hele tiden fram et stort rom for mangfoldet i bønnen.

Del fire behandler det som kanskje er det mest vanlige problemet blant vestens bedere: Ubesvarte bønner. Yancey fortsetter med et svært godt kapittel om helbredelse og bønn. Denne leseren synes Del fire er forfatterens beste bidrag i boka. Her er han grundig og nyansert.

Del fem behandler bønn i praksis. Her tar han opp sentrale temaer i kristen bønneveiledning.

Bokens styrke er at Yancey tar opp de vanlige innvendingene mot bønn og de vanlige vanskelighetene med bønn. Kapitlene er ujamne i kvalitet etter mitt syn. Men helheten er god.



Det ligger selvsagt en del uutalte premisser i bunnen av boka. Jeg vet ikke hvilket kirkelig ståsted Yancey har, men det er ikke katolsk. Han bruker Bibelen forholdsvis bokstavelig og gjør lite forskjell på bruk av Det gamle testamentet og Det nye testamentet.

Det er en del trykkfeil/ord som mangler. Noen ganger er det engelske ordet vanskelig å oversette til norsk. Oversetteren har da valgt å lage en klamme og forklare. Hvorfor ikke også sette inn det engelske ordet som er vanskelig å oversette?

Det er etter mitt syn mer en bok om bønn enn en veiledning i bønn, selv om begge perspektiv er til stede i boka. Forfatteren undersøker og behandler emnet på en god måte. Han får satt ord på mange viktige sider ved bønn og slik får leseren hjelp til å få avklart en hel del spørsmål i tilknytning til bønn. Dersom man ønsker å utvikle/utdype sitt bønneliv, tror jeg andre bøker/veier vil være mer fruktbare.

## Forfatteren

Philip Yancey er journalist fra USA. Dette merkes i boka. Det er en journalist som skriver. Boka er lettles og oversiktlig. Han har intervjuet mange mennesker og han klarer å gi rom for mange stemmer om bønn.

Boka har et amerikansk preg, uten at det gjør noe for innholdet. Denne leseren lot seg distrahere når forfatteren skriver om alle de steder han har vært, alle steder han har arbeidet og holdt foredrag og alle de viktige menneskene han hadde snakket med osv. Med norske øyne kan det virke som om forfatteren ønsker å bli sett, men hvis vi velger å legge bort vårt norske blikk, så er alle de små historiene integrert i teksten. Forfatteren skriver inn i egen kontekst og er indirekte i dialog med store amerikanske bevegelser som TV-predikanter som har fokus på helbredelse og suksess, karismatiske bevegelser, fundamentalister og Moral Majority. Boken bærer preg av at forfatteren har vært sammen med kristne som har lovet for mye og tenkt for lite, møter med mennesker som har for svak teologi om lidelse og for svak skapelsesteologi. Dette er ikke like sterkt framme i Norge, men vi kjerner godt til det også her og problemstillingene er absolutt relevante også i vår kontekst.

## Adressat

Boka er skrevet for alminnelige mennesker med en viss intellektuell kapasitet. Den er lettles, men har mange grundige vurderinger underveis. Boka er på ca 400 sider. Den er skrevet for mennesker som gjerne vil be, men som på ulike vis strever med bønnen i eget liv. Yancey tar opp og behandler de vanlige spørsmålene og problemstillingene vanlige mennesker i Vesten har til bønn.

Dette er bokens sterkeste side.

## Tittelen

